



Tom Lingjerde  
Stølegaten 1 A  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1179 - 17/10447

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
23.05.2017

## Godkjenning - gråvassutslepp og tilknytning til kommunalt vassverk fritidsbustad på Kårbø - GBNR 52/50

**Administrativt vedtak. Saknr: 140/2017**

**Tiltakshavar:** May-Britt Fossheim og Tom Lingjerde  
**Ansvarleg søkjar:** E. Sjøstrøm AS  
**Type utslepp:** Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12- 5  
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20- 1

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 03.05.2017, søkt om eit gråvassutslepp frå ein fritidsbustad på Kårbø, gbnr 52/50 i Meland. Utsleppet det er søkt om et eit gråvassutslepp med infiltrasjonstank/slamfilter. Frå tanken skal det etablerast ei 5 meter lang infiltrasjonsgrøft på eigen eigedom. Anlegget krev ikkje tømning med slamsugebil. Det skal ikkje monterast vassklosett. Eigedomen har forbrenningstolett.

Vidare er det søkt om tilkopling til kommunalt vassverk via felles privat vassleidning som er lagt fram til Kårbøneset hyttegrend.

### Nabovarsel:

Tiltaket vart nabovarsla i tida 28.04. – 29.04.2017 i samsvar med pbl §21-3. Alle naboar har samtykka i tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

### Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel for Meland er avsett til hytteområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 03.05.2017.

**Vurdering:**

Anlegget det her er søkt om, kan etter administrasjonen si vurdering, nyttast i områder der slamtømming ikkje er mogeleg og det ikkje er fare for at infiltrasjonsvatn fører til vanskar for naboar, vasskjelder eller opne vassdrag.

Gråvatnet må ha filterløysing eller infiltrasjonstank før infiltrasjonsgrøfta. Det vert vist til prinsippskisse journalført 03.05.2017.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Forureiningsforskrifta.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via felles privat vassleidning. Leidningen vart godkjent etablert 07.11.2016 i sak DNT.368/2016. Det skal nyttast Elvestadrør frå denne leidningen og inn til fritidsbustaden. Kommunen ber om at leidningen vert gravt ned/dekka til der dette er mogeleg, slik at den vert minst mogeleg synleg i terrenget.

Det ligg føre naudsynt dokumentasjon som gjev eigedomen gbnr 52/50 rett til å kopla seg til den private felles vassleidningen.

**Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, gråvassutslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/50 på Kårbø i samsvar med søknad journalført motteke 03.05.2017 og på følgjande vilkår:

- Gråvassutsleppet må ha filterløysing eller infiltrasjonstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Det må etablerast infiltrasjonsgrøft på minimum 5 meter.

Det vert for øvrig vist til prinsippskisse, journalført motteke 03.05.2017.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Foureiningsforskrifta.

Meland kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til etablering av gråvassutslepp for eigedomen gbnr 52/50, i samsvar med søknad journalført 03.05.2017.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 03.05.2017, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

-----0000-----

Meland kommune godkjenner vidare at fritidsbustad på gbnr 52/50 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 03.05.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

